

# Sakspapir

|                      |              |                   |
|----------------------|--------------|-------------------|
| <b>Saksbehandlar</b> | <b>Arkiv</b> | <b>ArkivsakID</b> |
| Eirik Bouwer Utne    | FE - 233     | 17/802            |

|               |                   |             |             |
|---------------|-------------------|-------------|-------------|
| <b>Saksnr</b> | <b>Utvalg</b>     | <b>Type</b> | <b>Dato</b> |
| 68/2017       | Utval for levekår | PS          | 12.09.2017  |

## Søknad om stipend til motorcross

### Vedlegg:

resultset\_4082\_25\_vedlegg1.docx

Kulturmidler - Søknad om tilfeldige tilskudd - innkjøp kjøretstyr og reiser til konkurranser (L)(321243)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Runar Halland Sudmann, fødd i år 2000, søkte om idrettsstipend i e-post datert 2.4.2017, til bistand med dei store utgiftene knytt til å drive med motocross. Sudmann går på Norges Toppidrettsgymnas og har tydelege mål og ambisjonar som idrettsutøvar. Etter å ha verte spurd etter meir informasjon, leverte Sudmann ny utfyllande søknad datert 11.6.2017.

Sudmann søker om kr 40 000 til å kjøpe inn nytt og sikrare utstyr, samt støtte til å reise på konkurransar. Søklar viser vidare til at motocross er ein kostbar idrett, der ein slitar ut sykklar i løpet av sesongen og reiser til utlandet på konkurransar, og at dette er naudsynt aktivitet for å kunne utvikle seg vidare som utøvar.

Søklar viser til eit totalbudsjett for 2017-sesongen på kr 306 900, og melder at han vart nr. 4 i Noregsmeisterskapet samanlagt for 2017, 1 plass i AGM-cupen, og det same i Glen Helen REM i USA.

Etter retningslinene for kulturmidlar i Meland kommune kan *Ungdom, som er mellom 13 og 19 år...og som syner gode prestasjonar innafor kultur- og idrettsområdet...søkje om stipend for vidareutvikling opp til kr 5 000. For større stipend skal søknaden leggast fram for Utval for levekår.*

Sidan søknadssummen på kr 40 000 er over delegert mynde, vert søknaden fremma til avgjerd i utvalet.

#### Vurdering

Søklar visar til gode resultat i ung alder. Idrettsformen er utan tvil svært kostbar, og det er eit gode for idrettsmiljøet generelt, og motocrossmiljøet spesielt, at lokal ungdom har gode forbilde som kjem frå same plass som dei. Eit kommunalt bidrag i form av stipend vil styrke søklar sine høve for å kunne utvikle seg i idretten sin. Saka vart sendt til Idrettsrådet, som i epost den 31.8.2017 gir støtte til å gi

Sudmann eit stipend.

Storparten av tilgjengelege midlar til tilskot vert delt ut ved handsaminga av dei ålmenne kulturmidlane med frist 1. mars. Det er ikkje handlingsrom for å svare eit tilskot av den storleiken det vert søkt om her. Likevel vert det vurdert som viktig å støtte opp under lokale idrettstalent, og yte eit avgrensa tilskot. Kommunestyret har bedt rådmannen, i KS-45/2017, å fremje sak om idrettstipend. Dette vert ikkje klart for 2017, og kan i tilfelle oppretting først ha tildeling i 2018.

### **Folkehelse**

Motocross er ein svært viktig arena for at ungdom kan utvikle seg, drive med aktivitet utandørs og er ein sentral inkluderingsarena. Motorsportklubben på Rossland står midt i ei omfattande utviding av banen sin, og lokale forbilde innafor idretten vil kunne vere med å styrke klubben.

### **Miljø**

Ikkje vurdert i saka.

### **Økonomi**

Det er avgrensa midlar til å yte tilskot i 2. halvår.

### **Konklusjon**

Sudmann har store utgifter ved idretten sin, og søker om eit større tilskot. Det vert vurdert til at ein kan yte tilskot innafor eksisterande rammer på kr 10 000. Søklar må ved tildeling levere rapport for bruk av midlane innan 15.12.2017.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend.

### **Utval for levekår - 68/2017**

#### **ULK - behandling:**

#### **Endringsframlegg frå Roy Tore Skaar (Frp):**

"Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr. 20 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend."

#### **Avrøysting:**

Endringsframlegget fekk **1 røyst for** (Frp) og **6 røyster mot** (1 Sp, 1 Krf, 1 Ap, 2 H, 1 MDG), og **fall**.

#### **Endringsframlegg frå Stian Lavik (Krf):**

"Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr. 5 000 til Runar Halland Sudmann, etter retningsliner for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend."

#### **Avrøysting:**

Endringsframlegget frå Stian Lavik (Krf) fekk **1 røyst for** (Krf) og **6 røyster mot** (1 Sp, 1 Ap, 2 H, 1 MDG, 1 Frp), og **fall**.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk **6 røyster for** (1 Sp, 1 Ap, 2 H, 1 MDG, 1 Frp) og **1 røyst mot** (Krf), og vart såleis **vedteke**.

#### **ULK - vedtak:**

Utval for levekår godkjenner at det vert ytt tilskot på kr 10 000 til Runar Halland Sudmann, etter

retningslinjer for kulturmidlar i Meland kommune, punkt 1.2-C: Stipend.